



Lindås, Meland og Radøy byggjer Alver kommune. Etter samanslåinga 1.1.2020 blir vi ein av dei største kommunane i fylket med om lag 30.000 innbyggjarar og 2.500 tilsette. Kommunane våre ligg nord for Bergen, og har ein spennande og variert natur med alt frå lune fjordar og ope hav til høge fjellområde og lokale toppar. Vi har verdens beste korps og eit rikt kulturliv.

For å løyse og utvikle alle dei ulike oppgåvene kommunen er tillagt treng vi engasjerte og kompetente medarbeidarar - som vil oppleve at arbeidsoppgåvene og bidraget deira er meningsfylt og del av eit viktig samfunnsoppdrag.

## Bibliotekar - 100% fast stilling

### Stillingsinformasjon

Frå 1. februar 2020 har vi ledig 100% stilling som bibliotekar i Alver kommune.

Biblioteket i den nye kommunen vil ha tre likestilte avdelingar på Frekhaug, i Knarvik og på Manger, med kvar sine ansvarsområde. Stillinga er lagt til Frekhaug avdeling. Denne avdelinga får mellom anna ansvaret for å utvikle den skjønnerlitterære samlinga i kommunen, og alle katalogfunksjonar er lagt til Frekhaug. Vi søker bibliotekar med gode litteraturkunnskapar som har lyst til å vere med å utvikle biblioteket vidare.

### Arbeidsoppgåver

I hovudsak vil arbeidsoppgåvene vere:

- Daglege driftsoppgåver, inkludert utlånsarbeid og ei laurdagsvakt kvar fjerde veke. Ei seinvakt er for tida lagt til stillinga
- Arrangementsansvarleg for noke av arrangementa ved avdelinga, både på dagtid og kveld
- Formidling av litteratur, mellom anna til skuleklasser
- Delta i innkjøp av nye medium til avdelinga

### Kvalifikasjonskrav

- Fagutdanna bibliotekar
- Gode litteraturkunnskapar, gjerne vidareutdanning innafor litteraturfaget
- Stø i nynorsk
- Interesse for bruk av digitale plattformer
- Glad i samarbeid

### Vi tilbyr

Ei spanande stilling i eit prosjektretta og godt arbeidsmiljø.  
Lønn og tilsetjingsvilkår i samsvar med lov- og avtaleverk.

### Søknad skal sendast

Søknad skal sendast via vårt elektroniske søknadssystem.

Rettkjende kopiar av vitnemål og attestar skal takast med ved eventuelt intervju.

Søknadsfrist 10.12.2019

Utlyst dato 22.11.2019

Vårref

221/19

### Kontaktperson

Marit Gro Berge, Avdelingsleiar, tlf: 56375424, mobil: 94816111, [marit-gro.berge@lindas.kommune.no](mailto:marit-gro.berge@lindas.kommune.no)